

Høringsfråsegn

Forslag til endring av skilteforskrifta N300

Om fellesvedtak, forbod, påbod, opplysning og underskilt

Vegdirektoratet tek til orde for endring av N300, og denne høyringsrunda tek føre seg i alt fem kapittel. Syklistenes Landsforening har tre merknader.

A. Fellesvedtaka er for strenge når det gjeld offentleg skilting på privat veg

Fellesvedtaka set grenser for kva tilfelle som gjev lokale styresmakter lov til å setje opp trafikkskilt langs privat veg. Det gjeld mellom anna vegvisningsskilt for sykkelruter, skilt 751-757.

KRAV 1.1.9.1—2 **SKAL**

Det skal følges en meget restriktiv praksis med hensyn til bruk av offentlige trafikkskilt på private vegger.

Veiledning til kravet ▾

Eventuell skilting avgjøres etter en avveining av nødvendigheten av skiltet, spørsmålet om trafikantene vil respektere skiltet og muligheten for håndheving. Før trafikkregulerende skilt tillates oppsatt, må det klarlegges om det er knyttet privatrettslige rettigheter til bruken av vegen.

KRAV 1.1.9.1—3 **SKAL**

Private vegger som er åpne for allmenn ferdsel og som har liten trafikk, skal ikke skiltes med offentlige trafikkskilt.

I mange kommunar er det i mjuke trafikantar sin interesse å kunne sykle med skilt som viser vegen via nokre vegar med minimal trafikk i staden for å nytte offentleg veg på heile ruta. Det kan vere naudsynt om ein vil skape god samanheng.

Krava gjev problem for lokale styresmakter som til dømes ønskjer å gje innbyggjarane sine god vegvising på sykkel langs høvelege vegar som er privat eigd.

Det er ikkje naudsynt, og gjer meir skade enn gavn å krevje stor trafikk for å tillate sykkelvegvisning på ein privat veg. Dette kan truleg løysast i rettleiinga til krava.

Vi vonar direktoratet gjer dei endringane som trengst i forskrifta for at vegvisinga for syklistar høver til dei lokale vegane, og ikkje føreset søknad om fråvik.

B. Krava gjer det urimeleg krevjande å skilte sykkelfelt mot køyreretninga

Der det skal vere tillate å sykle mot køyreretninga lyt skilt 302, innkøyring forbode, og skilt 521, sykkelfelt, gjelde den same strekninga.

KRAV 6.4.17—4 **SKAL**

Skilt 521 skal settes opp der sykkelfeltet begynner, og skal gjentas etter vegkryss. I envegskjørte gater med sykkelfelt, skal skilt 521 likevel settes opp minst 5 m etter skiltene 302 eller 526.

Skilt 302 kan normalt ikkje dele skiltstolpe med andre hovudskilt. Skilt 502 må stå minst fem meter etter 302.

Desse to krava i kombinasjon, gjer at sykkelfelta vert korta ned og vanskelegare å få auge på. Det gjer òg at plasseringa av skiltstolper vert ekstra krevjande.

Samla kan dette bidra til mindre tilrettelegging for sykling mot einvegskøyring, eller det kan gje opphav til ei rekkje søknader om fråvik. Truleg vil òg skilt verte sett opp i strid med N300, fordi plasstillhøva i tett by gjer det uråd å stette krava.

Vi vonar direktoratet gjer dei justeringane som trengst for å løyse problemet.

C. Fartsgrensekriteria gjer det ikkje enkelt nok å fremje aktiv mobilitet

Syklistenes Landsforening er positiv til at fartsgrensekriteria vert ordna på nye måtar. Likevel er vi uroa for om kriteria og krava gjer det lett nok å fremje aktiv transport. Det gjeld særleg i dei tilfella der lokale styresmakter ønskjer lågaste fartsgrense på 30 km/t i eit større område eller planlegg gater som er meint for enno meir sykkelvenleg fart, til dømes 20 km/t.

Utforminga av den fysiske infrastrukturen vil sjølvsagt ha meir å seie for det faktiske fartsnivået enn skiltinga, men forskrifta lyt ikkje gje inntrykk av at det er meningslaust å dimensjonere for lågare fart enn 30 km/t.

Vi vonar direktoratet tek omsyn til dette og syter for at forskrifta i praksis stør infrastruktur som gjer gåing og sykling meir konkurransedyktig.

Vegdirektoratet har fastsatt kriterier for bruk av særskilte fartsgrenser i [NA-rundskriv 2021/01](#).

KRAV 4.5.29—1 **SKAL**

Fartsgrensekriteriene skal legges til grunn for fastsetting av alle særskilte fartsgrenser på riksveger, fylkesveger og kommunale veger, og på private veger som skiltes med offentlige trafikkskilt.

Særskilte fartsgrenser

Alle andre fartsgrenser enn de generelle defineres som særskilte. Særskilte fartsgrenser oppheves ikke av kryss, se senere omtale av krav til gjentak etter kryss.

KRAV 4.5.30—2 **SKAL**

Det skal bare brukes fartsgrenser som vist i [Figur 4.5.30—1](#)

Emil Rensvala
konstituert generalsekretær

Helle Beer Urheim
fagrådgjevar

